

Treng folk til innbringande dugnad.

11.03.2015

Uskedal idrettslag har fått tilbod om dugnadsjobb hos Norsafe Årsnes. Arvid Hjelmeland i styret i UIL seier at dette kan innbringa ein fin sum i lagskassen, og no søker laget etter folk som kan vera med på dugnaden. Han håpar at mange vil støtte opp om laget ved å delta på dette dugnadsprosjektet.

Hjelmeland fortel at det skal lastast inn mange tonn med sandsekker i 5 ulike livbåtar. Dette må gjerast for å testa båtane i det nye stupetårnet. Sandsekkene er 25 kg kvar, og det bør vera minst 6 personar på kvar båt. Då reknar ein med at arbeidet vil vera gjort på godt og vel ein time.

Planen for arbeidet er slik:

Mellom 16. mars og 22. mars – Lasta 2 båtar med 110% last (Ca 10 tonn) (her er det gunstig med 12 personar)
23. mars ettermiddag kl 18.00 – lossa og lasta 2 båtar med 10 tonn (her er det gunstig med 24 personar)
24. mars ettermiddag kl 18.00 lossa 2 og laste 1 båt med 10 tonn (her er det gunstig med 18 personar)

Arvid Hjelmeland håpar på god respons slik at idrettslaget kan ta på seg denne innbringande dugnadsjobben. Han ber alle som kan hjelpa til, om å **ta kontakt med han på mobil 926 40 545 så snart som råd.**

Tekst og nett: Thor Inge Døssland